



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Seksjonssjef Kolbjørn Megård, 71258423

Vår dato

28.06.2010

Dykkar dato

Vår ref.

2009/3605/KOME/461.7

Dykkar ref.

Ålesund kommune  
Postboks 1521  
6025 Ålesund

Ålesund kommune	
29 JUNI 2010	
Arkivsak ID	04/2196-42
J.post ID	10134088
Arkivnr.	M16

## Ålesund kommune –

### Mellombels utsleppsløyve til Årsetelva av spylevatn frå behandlingsanlegg for drikkevatt - Vedtak om gebyr for saksbehandlninga

I medhald av "lov om vern mot forurensning og om avfall av 26.03.1981" (forureiningsloven), § 11 gir fylkesmannen Ålesund kommune mellombels utsleppsløyve til Årsetelva av spylevatn frå behandlingsanlegget for drikkevatt. Utsleppsløyvet gjeld frå dags dato og til 30.06.2013.

Vi viser til søknad frå Ålesund kommune 01.09.2009 med suppleringar 26.03.2010.

#### Vilkår for løyvet

I medhald av forureiningsloven § 16 blir det stilt følgjande vilkår til løyvet:

1. Utsleppet gjeld for inntil 200 m<sup>3</sup> spylevatn per døgn.
2. Spylevatnet skal pumpast til Borgunddammen for sedimentering og utjamning før utslepp til Årsetelva.
3. Det skal kvar månad takast vassprøver før utsleppet til Årsetelva. Vassprøvene må analyserast på innhald av kalk og turbiditet.
4. Det skal kvar månad takast vassprøver av Årsetelva nedstrøms utsleppet og før elva renn ut i Brusdalvatnet. Vassprøvene må analyserast på innhald av kalk og turbiditet. Vidare skal det takast prøver for vurdering av biologisk verknad av utsleppet på groing og dyreliv.
5. Etter 6 prøveseriar skal det i samråd med fylkesmannen fastsettast grenseverdiane av utsleppet.
6. Når grenseverdiane i pkt. 5 er fastsatt skal det om nødvendig haldast tilbake vatn i Borgunddammen i periodar med lav vassføring i Årsetelva.

#### Gjennomgang av saka

Møre og Romsdal fylke vurderte i 2004 at forventa forureining av Årsetelva som følgje av utsleppet av spylevatn var så liten at konsesjonsbehandling (utsleppsløyve) etter forureiningsloven ikkje var nødvendig, jf. forureiningsloven § 8, 3. ledd. Denne vurderinga blei gjort på grunnlag av opplysningar frå vassverket om at det blei venta ubetydeleg marmorflukt til elva frå utspylinga.

Postadresse:  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon:  
71 25 84 43

Telefax:  
71 25 85 10

E-post:  
postmottak@fmnr.no

Web:  
www.fylkesmannen.no

I 2009 blei vi gjort merksame på forureining av Årsetelva. Vi konkluderte med at utsleppsløyve likevel er nødvendig.

Ålesund kommune har etter dette søkt om utsleppsløyve. I samband med søknadsprosessen blei det vurdert ulike løysingar med utslepp til Årsetelva, til Brusdalsvatnet og til kommunalt avløpsnett. Utslepp til Brusdalsvatnet og til kommunalt avløpsnett fører til større investeringar og lengre gjennomføringstid enn utslepp til Årsetelva etter sedimentering i Borgunddammen.

Søknaden har vore kunngjort og lagt ut til innsyn på Servicetorget i Ålesund rådhus, samt på fylkesmannen si heimeside.

Det har kome ei fråsegn til søknaden:

*Ålesund kommune ved kommuneoverlegen* har i fråsegn 15.06.2010 merka seg at søknaden gjeld for inntil 3 år, at prøver vil bli tatt av utsleppet samt at forholda i Årsetbekken vil bli overvaka. Kommuneoverlegen har på det noverende tidspunkt ingen fleire merknader til reguleringa, men tek atterhald om å komme tilbake med synspunkt seinare.

### **Grunngjeving**

Ålesund kommune har i samband med utsleppet i 2009 engasjert Norsk institutt for vannforskning (Niva) til å vurdere utsleppet av spylevatn. I notat datert 04.01.2010 har Niva vurdert innhald og verknader av utslepp til Årsetelva og Brusdalsvatnet.

Niva vurderer at tilslamming av elva er det største problemet. Det kan heller ikkje utelukkast episodar med negative biologiske effektar. I og med den korte varigheita på utsleppet trur Niva at skadeverknadene har mellombels karakter. Samtidig kan det sjå ut som om bekken er uegna som resipient for spylevatn frå anlegget, også ved tilbakespyling ved normal drift i framtida. Niva tilrår at spylevatnet blir reinsa tilstrekkeleg før utslepp til bekken eller at ein finn ein annan resipient med vesentleg betre fortynningsegenskapar. Den tidlegare ordninga med omrøring av vatnet i spylevassmagasinet og utpumping synest å vere ei dårleg løysing. Spylevassmagasinet burde vore bygd som ein fortjukkar slik at overløpet blir leda til resipient, mens finpartiklar får høve til å sedimentere og kan takast ut som fortjukka slam.

Den løysinga Ålesund kommune har vald mellombels tilfredsstillar dei omsyn Niva nemner. Borgunddammen vil fungere som eit sedimenteringsbasseng med ei opphaldstid på opp mot 70 døgn. Dette er ei så lang opphaldstid at sedimenteringa vil vere svært effektiv. Det er og mogleg å halde tilbake vatn i periodar med svært låg vassføring i Årsetelva. I periodar med eksepsjonell låg vassføring i Årsetelva er det og mogleg å sleppe råvatn frå vassverket i elva for å hjelpe på vassføringa. Dette er det ikkje stilt krav om.

Men det er stilt krav om prøvetaking og analyser av utslepp og av vassdraget for å dokumentere utslepp og verknader.

Fylkesmannen ser derfor det forsvarleg å gje mellombels utsleppsløyve av det reinsa spylevatnet.

Resultat av prøvetaking og analyser vil og i løpet av nokre månader gje konkret kunnskap

som grunnlag av framtidig løysing.

Etablering av utslepp til Brusdalsvatnet eller til kommunalt avløpsnett vil ta vesentleg lengre tid enn å etablere ei løysing der Borgunddammen inngår som sedimenteringsbasseng.

#### **Endring og omgjøring av utsleppsløyvet**

I medhald av § 18 i forureiningsloven, kan fylkesmannen oppheve eller endre pålegg som er gitt i løyvet. Det kan også bli gitt nye pålegg. Dersom føresetnadane gitt i § 18 tilseier det, kan forureiningsmyndigheita om nødvendig kalle tilbake eit gitt løyve.

#### **Forureiningsgebyr.**

Med heimel i § 73 i forureiningsloven kan fylkesmannen fastsette gebyr til staten for å sikre at tiltaka blir gjennomført i samsvar med utsleppsløyvet.

#### **Straffeansvar.**

Ved brot på vilkåra i løyvet, eller pålegg knytt til dette, gjeld § 10 i forureiningsloven, dersom forholda ikkje kjem inn under eventuelt strengare straffetiltak.

#### **Erstatningsansvar, klage m.v.**

Utsleppsløyve fritar ikkje for erstatningsansvar etter vanlege erstatningsreglar, jf. § 10, 2. ledd i forureiningsloven.

#### **Klage**

Avgjerd om å gi utsleppsløyve, samt vilkåra i løyvet, kan påklagast til Klima og forureiningstilsynet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå melding om løyvet er kome fram. Eventuell klage skal vise til det vedtaket det blir klaga over, og den eller dei endringane klagaren ønskjer. Klagen bør grunnjevast, og andre opplysningar som kan bety noko for saka bør takast med. Klagen skal sendast via Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

#### **Vedtak om saksbehandlingsgebyr**

Vi viser til varsel om gebyrsats av 16.04.2010 og til "forskrift om begrensning av forurensning" (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve mv. Som varsla blir verksemda plassert under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Verksemda skal etter dette betale eit gebyr på kr 19 200 for saksbehandlinga. Faktura med innbetalingsblankett blir sendt ut av Klima- og forurensningsdirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

#### **Klage på vedtak om**

Vedtaket om gebyrsats kan påklagast til Klima- og forurensningsdirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er mottatt, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage bør grunnjevast og skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Klagen blir ikkje gitt oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må derfor betalast i samsvar med det som er nemnt over. Dersom Klima- og forurensningsdirektoratet aksepterer klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Med hilsen

Kolbjørn Megård (e.f.)

Gunnhild Liva Austvoll

side 4 av 3

seksjonssjef

overingeniør

Kopi:

Ålesund kommune, Kommuneoverlegen Postboks 1521 6025 Ålesund